



Til føresette på Vg1 og Vg2

## Invitasjon til foreldremøte for Vg1 og Vg2

Vi inviterer med dette til foreldremøte for Vg1 og Vg2 mandag 2. oktober kl.18.00-1930, Stad Tertnes vidaregåande skule, i treningshallen i 1. etasje. Bruk inngang A mot parkeringsplassen når de kjem.

Program:

Del 1 kl. 1800-1845. Fellesmøte

- skulen og innhald i opplæringa
- elevtenesta, skulemiljø og foreldresamarbeid
- administrasjonssystem VIS, fråværsreglement mm

Del 2 kl. 1900-1930. Klassemøter

- klassemiljø,
- timeplanar, fagdagar og prøveplan
- rutinar ved fråvær og anna

I første del av foreldremøtet blir det generell informasjon om skulen og regelverk. For foreldre på Vg2 blir dette repetisjon av det vi gjekk gjennom på møtet i fjor. I del to av møte vil de møte kontaktlærarane som vil gje dykk informasjon om klassemiljøet og litt anna praktisk informasjon.

De vil blir invitert inn til nytt foreldremøte i starten av februar der vi orienterer om val av programfag og søknad for Vg2 (for føresette i Vg1). Her vil det og bli foreldrekonferansar der det vil bli anledning til å ha individuelle samtaler med kontaktlærar og faglærarar (for føresette Vg1 og Vg2)

Vi ber om skriftleg påmelding for å ha tal på kor mange som kjem.

Link til påmelding <https://forms.gle/hN7PNrcw2AM5E7gy6>

Vel møtt!

Med helsing  
Tertnes vidaregåande skule

Line Skage  
rektor

## **Samarbeid skule- heimen**

Vi ser det som viktig å ha eit godt samarbeid med foreldre/føresette, der målet er å fremje god læring og utvikling for eleven.

Forskrift til opplæringslova uttrykkjer dette på ein fin måte:

*Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skolen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som mellom anna fører til at fleire fullfører vidaregåande opplæring.*

### **Skriftleg informasjon.**

På heimesida vår – <https://www.tertnes.vgs.no/> – vil de finne generell informasjon som skulen og tilboda skulen gir. Her finn de til dømes kontaktinformasjon, skuleruta, skulereglementet mm. Lik oss gjerne på facebookside vår – Tertnes vidaregåande skole den offisielle – for å sjå blider og oppdateringar frå ulike elevaktivitetar på skulen.

Vi legg ut informasjon som møteinvitasjonar og andre meldingar til føresette på nettsida. I slike tilfelle sender vi ut SMS med informasjon om kva vi har lagt ut.

Brev med varsel om fare for å få Ikkje vurdering (IV) og/eller nedsett karakter i Orden og/eller Åtferd blir sendt elektronisk til eleven og til foreldre fram til datoen eleven fyller 18 år. Når eleven har fylt 18 år, må skulen ha eleven sitt samtykkje til å informere foreldra om vurdering, fråvær m.m.

### **Foreldremøte og planlagde samtalar Vg1**

- Ein samtale ved skulestart – startsamtale - der det blir lagt vekt på å bli kjend med eleven og ta ei kartlegging for å sikre tilpassa opplæring.
- I oktober blir foreldre til Vg1-elevar inviterte til foreldremøte. Her blir det gitt meir generell informasjon om skulen, innhaldet i opplæringa, medverknaden til foreldre, rutinar og anna som er relevant for foreldra.
- I februar inviterer vi til ein samtale med kontaktlærer/faglærer der det blir lagt vekt på korleis eleven arbeider i det daglege, eleven sin kompetanse i faga og utviklinga til eleven. Her vel ein sjølv kven av faglærarane ein ynskjer samtale med og det er fint om elevane er med i desse samtalanane.
- For å førebu for inntak på Vg2 vil vi invitere til foreldremøte for Vg1 der vi orienterer om val av programområde og programfag. I tid vil vi prøve å legge dette foreldremøtet på same dag som foreldresamtalanane i februar. Det vil bli sendt ut eigen invitasjon til dei planlagde foreldresamtalanane og foreldremøta.

### **Foreldremøter og planlagde samtalar Vg2**

- I oktober blir foreldre til Vg2-elevar inviterte til foreldremøte. Her blir det gitt meir generell informasjon om skulen, innhaldet i opplæringa, medverknaden til foreldre, rutinar og anna som er relevant for foreldra.

- Ein samtale med kontaktlærer/faglærer i februar der det blir lagt vekt på korleis eleven arbeider i det daglege, eleven sin kompetanse i faga og utviklinga til eleven. Her vel ein sjølv kven av faglærarane ein ynskjer samtale med og det er fint om elevane er med i desse samtalanane.

### **Personleg kontakt**

Sjølv om mykje av informasjonen i dag blir formidla digitalt, er det viktig med jamleg og uformell kontakt med foreldre når ein finn det nødvendig. Vi oppmodar dykk til å ta kontakt med kontaktlærer eller andre nøkkelpersonar ved skulen når de føler behov for det.

Med ønske om godt samarbeid!

Med vennleg helsing  
Tertnes vidaregåande skule

Line Skage  
rektor